

Sak 14/2014 - Høyringsuttale Staten og Den norske kyrkje – eit tydeleg skilje.

Bru sokneråd gjorde samrøystes slikt

Vedtak

1. Den norske kyrkje som rettssubjekt og soknet sitt sjølvstende.

Bru sokneråd sluttar seg til at det vert etablert eit nytt, nasjonalt rettssubjekt for Den norske kyrkja, representert ved Kyrkjemøtet

Vi støttar og at balansen mellom lokalt og nasjonalt kyrkjestyre vert ført vidare

2. Overføring av prestar og andre kyrkjelege tilsette frå staten til kyrkja.

Bru sokneråd sluttar seg til modellen som vert skissert for overføring av arbeidsgjevaransvaret for prestar og andre tilsette ved bispedømmeråda/Kyrkjerådet til eit nytt nasjonalt rettssubjekt.

3. Prest, prost og biskop

Bru sokneråd sluttar seg til at det vert lovfesta at kvart sokn skal vere betjent av prest, kvart prosti av prost og kvart bispedømme av biskop. Dette er med på å trygge ei landsdekkande folkekyrkje og legg grunnlaget for framleis statleg finansiering.

Bru sokneråd sluttar seg til at det vert lovregulert at prestetenesta skal organiserast og utøvast i samsvar med ordinasjonen sine føresetnader og forplikningar. Fagleg sjølvstende er med på å sikre kvalitet på tenesta og rekruttere prestar.

4. Økonomi

Bru sokneråd sluttar seg til modellen som vert skissert for ei vidareføring av den todelte finansieringsmodellen, at det nye nasjonale rettssubjektet får eit stateleg rammetilskot, og at det framleis er eit kommunalt finansieringsansvar for lokalkyrkja.

5. Rekruttering til prestetenesta

Bru sokneråd er oppteken av god rekruttering til prestetenesta og vil understreke at overføringa av prestetenesta frå staten til kyrkjeleg rettssubjekt ikkje må føre til svakare rekruttering til prestetenesta.

6. Medverknad

Bru sokneråd finn det naturleg at soknerådet som organ også har medverknad på og involvering i omfang og utvikling av prestetenesta. Vi ynskjer derfor dette lovfesta ved å tilføye §34 eit nytt 3.ledd i kyrkjelova: «Soknet sine organ har rett til medverknad ved tilsetting av prest i eige sokn.»